

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/36/L.nr: 415/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 09.11.2005

Meldingar - Vestlandsrådet 2005

Periode 22. april 2005 – 22.juni 2005-06-20

Nr.	Arkivsak	Referansetittel
41/05	05/00012	Møtereferat: Transportplan Vestlandet
42/05	05/00012	Notat frå styringsgruppa vedk. Transportplan Vestlandet
43/05	05/00078	Rv 63 Geirangervegen – Vinterstengd veg
44/05		CPMR Project "Europe of the Sea"
45/05	05/00063	Samarbeid om Samferdslekonferanse i 2006
46/05	05/00076	Førespurnad om deltaking av Kommunal- og regionalministeren på konferanse i regi av Vest-Norsk nettverk og Vestlandsrådet
47/05	05/00046	Møte med Samferdsledepartementet om rammevilkåra for Vestlandsforsøket
48/05		Brev får Hordaland fylkeskommune vedk. " Møte med den nye samferdselsministeren om transportpolitiske utfordringar i Hordaland og på Vestlandet

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

Sakshandsamar Signe Eikenes
Tlf.dir.: 57 65 62 56

E.post:
signe.eikenes@sf-f.kommune.no

Møtereferat

Referent: Ole Ingar Hagen Hæreid / Signe Eikenes

Til stades: Medlemmer i Vestlandsrådet, leiarar og nestleiarar i dei fylkespolitiske utvala for samferdsle, NHO og LO var inviterte til temadagen

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00012/L.nr.: 000315/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 10.10.2005

Transportplan Vestlandet Oppsummering frå temadag for Vestlandsrådet 29.09.2005

Hans Petter Duun, Norconsult: "Kva treng vi av infrastruktur for at Vestlandet skal vere ein motor for Norge?"

I innlegget sitt tok Duun utgangspunkt i at Vestlandet treng meir til midlar samferdsle over statsbudsjettet. Dette kan skje på to måtar:

- Større kake
- Vestlandet får ein større del av kaka

NTP er den viktigaste arena for samferdselspolitikken. Midlane blir fordelt på formål, og i tillegg blir det gjort ei geografisk fordeling. I siste NTP-revisjon var det eit hovudfokus på trafiksikkerheit og framkomst gjennom satsing på 4-felts vegar (frå Tønsberg til Gøteborg). Vestlandet har problem med å nå fram med sine synspunkt i eit slikt perspektiv.

Kva treng vi?

Tre fokusområde:

- Eksport og lange transportar
- Effektive knutepunkt og intern logistikk
- Velfungerande ABS-regionar (robuste regionar)

Transportplanen for Vestlandet vert bygd opp med følgjande hovudinndeling:

1. Bakgrunn, problemstilling og utfordringar
2. Planelement
3. Transportpolitikk

Statens vegvesen lagar nå stamvegutgreiingar og korridoranalysar. Desse vil vere eit viktig grunnlagsmateriale for vår plan, og for å koordinere desse prosessane vil vi kunne ha klart eit utkast til transportplanen våren 2006. Dette går bra i høve til framdrifta med neste Nasjonal transportplan (2010-2019).

Dag Aksnes, Avinor: "Korleis bruke våre naturlege fortrinn på Vestlandet for å tiltrekke oss meir trafikk?"


Som lufthamnsjef på Flesland tok Aksnes utgangspunkt i potensialet som ligg i turisttrafikken på Vestlandet. Fjordnorge er i National geographic kåra som verdas beste reisemål. Når Nærøyfjorden og Geirangerfjorden nå i tillegg er komen på verdsarv-lista er det mogleg å få ein vesentleg auke i turistnæringa. Flyselskapa må ha garantiar for kostnadsdekking dersom dei skal gå inn med eit auka rutetilbod. Aksnes poengterte at slike investeringar vil føre til så stor auke i det regionale næringslivet av vi vil sitje at med ein stor gevinst.

Spørsmålsstillingar, moment og innspel som kom fram i debatten i etterkant av innlegga:

- Verdsarvkåringa er basert på økologisk turisme. Det er ei utfordring å få til transport på miljøet sine premisser. Korleis skal vi handtere miljøkrava?
- Det økologiske perspektivet må vere med.
- Kva med behova for gods- og næringstransport?
- Vi må klare å løfte blikket, tenke langsiktig og ha ein visjon.
- Vi må konsentrere oss om det vi er einige om.
- Vi må få ein oversikt over kva type trafikk vi har; - er transportmodellar med i arbeidet?
- Kva med ferjestrategi? Initiativ frå Møre og Romsdal på dette.
- Atlanterhavsvegen er nå kåra til det beste byggverket siste 100 år.
- Vegtransport: Vi veit at vi har høgare transportkostnader enn landet elles.
- Kva skal til for å ta att etterslepet på vegane? Kor mykje er nødvendig?
- Luftfart: Avgiftene på flyplassane er eit problem. Korleis skal vi kunne møte konkurransen med avgiftspolitik?
- Korleis skal vi utnytte potensialet (naturen) på Vestlandet som eit konkurransefortrinn?
- Kor flinke er vi på Vestlandet til å marknadsføre ressursane våre i utlandet? Her har vi eit stort potensiale.
- Det er eit statleg ansvar å marknadsføre Norge som eit interessant reisemål.
- Ambisjonane på Vestlandet er så høge at vi må gå for bompengeprojekt. Har vi alternativ finansiering?
- Alt heng i hop med alt; - vi løyser ikkje alle utfordringar ved å løyse eitt problem.
- Oljefondet bør brukast til utbygging av infrastrukturen.
- Kva betyr høge drivstoffkostnader for transportsektoren?
- Statens vegvesen har ansvar for 10000 km veg som er i ferd med å forvitne. Etterslepet er på 3 mrd kr. Vi må difor også setje fokus på eksisterande vegnett. Tunnelane er for små.
- Kor stor vekt er det lagt på vedlikehald og rassikring?
- På kva måte vert fylka trekte inn i handsaminga av transportplanen?
- Kva plass får dei regionale flyplassane i transportplanen?
- Stadt skipstunnel er viktig å ha med.
- Kommunikasjon og samferdsle er det viktigaste i eit framtidsperspektiv.

- I høve til NTP 2010-2019 må vi vere konkrete på kva vi kan samle oss om og setje fokus på det.
- Det må vere ein samanheng mellom transportformene, miljø mm.
- Bompengar har høge kostnader. Vi må sjå på kor mykje som staten kan gå inn med og kor mykje som må betalast med bompengar. Det må brukast meir av oljepengane.
- Det er ei internasjonal satsing i høve til utvikling av flyplassane. Satsing på reiseliv er også viktig for dei regionale flyplassane. Fylkeskommunane har eit ansvar gjennom å få til partnerskap som kan gjennomføre ei slik satsing.
- Kalkulasjonsrenta er nå redusert frå 8 til 4%.
- Kva med bruk av OPS?
- Vi har ei utfordring i å "pakke" produkta på rett måte for å få auka talet på fritidsreiser inn til landet. Vi er i dag for dårlege på marknadsføring.
- Det vi har fått til på transportområdet er suksessområdet vårt (E39). Vi må også få til samarbeid på andre område innan transportsektoren.
- Vi må sjå dei ulike transportformene sine styrkar og svakheiter opp mot kvarandre.
- Finansiering er den største flaskehalsen. Det er i dag ei manglande forståing for samferdsle.

Med helsing


Signe Eikenes
spesialrådgjevar

Mottakar(ar)
Deltakarane

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00
Sakshandsamar Signe Eikenes
Tlf.dir.: 57 65 62 56
E.post:
signe.eikenes@sf-f.kommune.no

Notat

Frå: Styringsgruppa

Til: Vestlandsrådet

Kopi til: Referansegruppa

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/12/L.nr: 405/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 07.11.2005

Transportplan Vestlandet Orientering til Vestlandsrådet november 05

Styringsgruppa vil i dette notatet gje ein kort statusrapport om arbeidet med Transportplan for Vestlandet.

Framdrift:

Som eit første mål hadde vi sett oss at vi skulle ha eit eutkast av Transportplan for Vestlandet klart innan utgangen av 2005. Dette for å vere i forkant av, og kunne kome med innspel til, det sentrale arbeidet med Nasjonal transportplan 2010-2019.

Statens vegvesen har på gang eit arbeid med Stamveg- og Korridorutgreiingar. Dei ser på dei enkelte stamvegutene og analyserer desse med omsyn til standard, trafikkmengde, funksjon og utviklingsbehov. Vidare vurderer dei rutene i samanheng (korridorutgreiingar). For Vestlandet er det E39 som blir sett i samanheng med Rv13 Jøsendal – Voss. Vidare er det rutene aust-vest som blir vurderte i høve til kvarandre. I tillegg til Stamvegutene E16 (Filefjell), Rv52 (Hemsedal) og E134 (Haukeli) er Rv50 (Aurland – Hol) og Rv7 (Hardangervidda) tekne med i ei utvida korridorutgreiing for aust-vest sambanda. Desse utgreiingane er eit viktig grunnlagsmateriale for vårt arbeid med transportplanen. Når Statens vegvesen har skyvd litt på sin tidsplan har også vi gjort det same. Vi ventar difor å ha klart eit førsteutkast av transportplanen ut på våren neste år.

Arbeidet så langt:

Norconsult har samla saman og oppdatert aktuelt bakgrunnsmateriale som gjev ein oversikt over folkesetnad, eksisterande infrastruktur, næringsliv og eksport /import for landsdelen. Vidare hadde vi ein temadag for referansegruppa 13. juni der vi fekk ein del innspel til arbeidet, og tilsvarande hadde vi ein temadag for Vestlandsrådet 29. september. På hannesida

/kystfarten er det ein del som skjer ved at gods som tidlegare var bulk-last nå går over til å bli frakta i containerar. Dette kan føre til endra arbeidsdeling mellom hamnene. For å få god nok oversikt over marknaden og næringa sine interesser vurderer vi å arrangere ein eigen konferanse om dette i januar.

Resultat frå intervjuundersøking på fjellovergangane aust-vest:

Rambøll har på oppdrag frå Statens vegvesen gjennomført ei intervjuundersøking på fjellovergangane mellom Aust- og Vestlandet.

Resultata kan oppsummerast i nokre punkt:

- I 2004 var den gjennomsnittlege døgntrafikken (ÅDT) på dei fem undersøkte fjellovergangane 3 854 kjt/døgn.
- Mellom Oslo- og Bergensområdet går det 543 turar (14%) i døgnet. Nesten like mange, 522 turar, går det mellom "Indre Vestlandet" og "Indre Austlandet". Trafikken mellom Osloområdet og Indre Vestlandet er også relativ stor. Til saman står desse tre relasjonane for 45% av den samla trafikken over fjellet.
- Den tunge trafikken mellom sonene har omtrent same mønster som totaltrafikken med nokre unntak: Relasjonen Oslo – Bergen utgjør 21% av den totale tungtrafikken over fjellet. Andelen tunge køyretøy mellom sonene i Vest og Indre Austland er vesentleg lågare enn andelen av totaltrafikken mellom desse destinasjonane. Av den totale tungtrafikken over fjellet går 1/3 på E134. Nord for Haukelifjell er det Rv52 som har størst trafikk med 29%.
- Resultatet viser at folk i vest bruker og er meir avhengige av fjellovergangane enn folk i områda aust for fjellet – 595 mot 151 turar pr 1000 000 innbyggjarar pr dag. Dei som bur nærast fjellet brukar overgangane mest, dette gjeld begge sider av fjella.
- På årsbasis utgjør ferie- og fritidsreiser den største gruppa med 58%. Variasjonen mellom sommar og vinter er 80% og 39%. Det nest største reiseføremålet er reiser i arbeid. Gjennomsnittleg utgjør desse 18% over året med ein variasjon på 2% om sommaren og 31% om vinteren. Det er vesentlege variasjonar mellom rutene.
- På E16 over Filefjell nyttar 15% av tungtrafikken over fjellet denne ruta på årsbasis, mens andelen om vinteren er 21%. Ruta er ikkje spesielt viktig for den totale ferie- og fritidstrafikken mellom Aust- og Vestlandet, men for næringslivet er den viktig, ikkje minst med tanke på framkomst om vinteren.
- Rv52 over Hemsedal er den viktigaste ruta for næringstrafikken nord for Haukelifjell, både på årsbasis og på vinteren.
- Rv50 Geiteryggen har liten betydning for næringslivet, og det er også den ruta som har minst ferie- og fritidstrafikk mellom dei to landsdelane.
- Rv7 over Hardangervidda er den fjellovergangen som mest nytta av trafikken mellom Bergen og Oslo (38%). Ruta er den nord for Haukeli som har størst ferie- og fritidstrafikk, mens den har liten betydning for næringstrafikken.
- E134 Haukeli lever sitt "eige liv" i høve til dei andre fjellovergangane. Den tek 33% av den totale vegtrafikken over fjellet. E134 er den einaste ruta med potensiale for vesentleg innkorting (Seljestad – Telemark grense).

Vi ser at det berre er trafikken som går mellom Bergens- og Osloområdet som relativt fritt kan velje rute. Denne trafikken utgjør som nemnt 14% av totaltrafikken over fjellet.

Vidare arbeid:

Med utgangspunktet i kva vi treng av infrastruktur med utgangspunkt i samferdsle og verdiskaping har vi tre fokusområde:

1. eksport og lange transportar
2. effektive knutepunkt og "intern logistikk"
3. velfungerande ABS-regionar ("robuste regionar")

Sjølve rapporten (transportplanen) vil vere tredelt med følgjande inndeling:

- 1) Bakgrunn, problemstillingar og utfordringar
- 2) Planelement (transportformer, geografi, verknader, finansiering ...)
- 3) Oppsummering. Transportpolitikk for Vestlandet.


Hovudarbeidet nå framover er med andre del av rapporten som går på dei ulike planelementa. Vi ser både på dei ulike vegsystema, jernbanen, hamnestruktur, luftfart, regional kollektivtransport, "i og gjennom byane" og Finansiering.

I samband med NTP-arbeidet sentralt er det utarbeidd såkalla nasjonale transportmodellar både for personreiser og godstransport. Dette vil vere eit nyttig verktøy for å berekne kva utvikling du vil få på dei ulike rutene ved gjevne kriteria. Som eksempel kan vi rekne på kva trafikk som kan bli overført til E134 ved utbetring og innkorting av sjølve ruta i tillegg til større prosjekt som Rogfast eller Jønndalstunnel. Slike modellar må ikkje nyttast ukritisk, men saman med andre undersøkingar kan dei hjelpe oss til å prioritere kva ruter som skal utviklast til kva føremål.

Det har vore eit uttalt mål i Nasjonal transportplan å få overflytta transport til sjø og bane. Mesteparten av eksporten vår går i dag på sjø, og det er heller ikkje all transport som kan overflyttast. Det er difor viktig å få ei oversikt over kva type godsmengder og i kva omfang det er vi snakkar om for så å sjå på om denne transporten let seg overflytte. For å få innsikt i dette vurderer vi mellom anna å ha ein konferanse på temaet i første del av januar. Denne vil vere aktuell for ulike industribedrifter, transportørar (reiarlag) og hamner.

I oppsummeringa til slutt i planen må vi setje opp mål, strategiar og prioriteringar for ein samla transportpolitikk på Vestlandet.

Med helsing


 Signe Eikenes
 spesialrådgjevar

Mottakar (ar)
 Vestlandsrådet

Kopi til:
 Referansegruppa

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

Sakshandsamar Signe Eikenes
Tlf.dir.: 57 65 62 56
E.post:
signe.eikenes@sf-f.kommune.no

Notat

Frå: Fylkesrådmannen *09.11.05*

Til: Vestlandsrådet

Kopi til:

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/78/L.nr: 402/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 04.11.2005

Rv 63 Geirangervegen - Vinterstengd veg

Vestlandsrådet ba i møte 30. september om å få ei orientering om situasjonen på Rv 63 Geirangervegen i høve til vinterstenging og tidspunkt for opning av vegen.

Geirangervegen er ein svært viktig veg for turistnæringa i Møre og Romsdal. Kor tidleg den kan opnast om våren er langt viktigare enn når den blir stengd for vinteren. Opninga av turistsesongen er ca 1. mai, og når vegen i 2005 ikkje vart opna før 21. juni seier det seg sjølv at dette var svært negativt for næringa.

Statens vegvesen har nå utarbeidd ein rapport om vegen med ei vurdering av vegopning til fast dato. I samandraget frå rapporten står følgjande:

”Opningsdatoen for Rv 63 Geirangervegen har dei siste 30 åra gjennomgåande vore i siste halvdel av mai. Avgjerande for når oppfresinga kan ta til er snømengder, snøkonsistens, vèrtilhøve og rasfaren. Utviklinga av desse tilhøva undervegs påverkar framdrifta i avgjerande grad og er bestemmende for når vegen kan opnast for fri ferdsel.

Rastrugsmåla på vårparten kjem hovudsakleg frå Stavbrekka i Oppland fylke og fram til km 1,3 i Møre og Romsdal og i Kvanndalsbotnen. Desse rasområda har vore tungtvegande både for fresing forbi og for opning av vegen før ein veit at rasløpa har gått uttømande. Snøfall under og etter opning kan utløyse nye ras.

Lovverket legg strenge føringar for tryggleiken til brøytemannskap og trafikantar og kjem framfor alle andre vurderingar og interesser. Ulukka i 1975 der to personar i bil rasomkom og ei rekkje dokumenterte nestenulukker under snørydding syner at det har vore operert med for små og uforsvarlege marginar. Faren for å bli rastekne er ved direktetreff og ved nabo- og

følgerassituasjonar. Det kan ta frå 1-3 timar å få fram ryddeutstyr og auka ventetid gir auka risiko. Ulukkesomfanget kan bli stort når t.d. fleire bussar på begge sider av eit rassperra område ventar på opning av vegen og eit naboras går. Det er registrert ei slik nestenulukke med buss.

Noverande situasjon – utan sikringstiltak

Utan noko form for sikringstiltak mellom Opplendskedal og vegkrysset med riksveg 15 i Oppland vil dei årlege variasjonane av dei klimatiske tilhøva vere bestemmende for når vegen kan ryddast og opnast. Statens vegvesen si målsetjing med vegopning den 1.juni står derfor ved lag, men kan ikkje garanterast.

Situasjonen ved sikring av Stavbrekka og Kvanndalsbotnen

Skal vi få eit meir påliteleg estimat på effekten av dei ein skilde sikringsframlegga og kombinasjonane som er foreslått for tidlegare opning av riksveg 63, må det til ei undersøking, over tid, av klima, snø og rastilhøve på den rasutsette strekninga. Sett både i samband med tidlegare fresestart og tidlegare vegopning er ukjende vinterras og vinddrift av snøen interessant. Dette gjeld også med framlegget tunnel og vegomlegging ved Stavbrekka som ein lekk i heilårsvegprosjektet.

Vegopninga om våren

Det sikraste og dyraste alternativet er ein om lag 2280 m lang tunnel i Stavbrekka kombinert med vegomlegging i nær 1700 meters lengd og Kvanndalsbotnen med ei om lag 950 meter lang vegomlegging, eller ein om lag 800 meter lang tunnel. Tiltaka framanfor kan framskande vegopninga frå 3,5 til 5 veker mot det det før har vore.

Overbygg eller rørtunnel forbi Stavbrekka samt vegomlegging, eller tunnel i Kvanndalsbotnen, trur ein vil mogleggjere 3-4 veker tidlegare opning.

Fell nyskapingen "Snøankeret" dvs. støtteforbygginga i Stavbrekka heldig ut – kombinert med mottak av tunnelmasse frå vasskraftutbygginga av Øvre Otta vassdraget til sideforskyving av vegen nedover slik at det kan byggast ei 6-10 m brei opa frese /fanggrøft forbi Stavbrekka og 1.3 km inn på Møre-sida, ventar ein at Rv 63 kan opnast frå 2,5 til 4 veker før enn tidlegare gjennomsnitt.

Utan breiddeutviding av vegen og brei fresegrøft, men velluka støtteforbygging i Stavbrekka og fresegrøft i Kvanndalsbotnen, ventar ein å kunne framskande vegopninga mellom 1 og 3 veker.

I samband med vegopninga våren 2006 kan det vestlige losneområdet i Stavbrekka med fordel "åtaast" eller "mèlast" dvs. spreie med helikopter t.d. granulert mørkt kalkmateriale utover snøavsetningane.

Andre tilhøve som han ha noko å seie for vegopninga

Tidlegare vegopning krev tidlegare fresestart. Nettopp dette kan få konsekvensar når fresestarten kjem fleire veker før enn han har vore. Ein må difor rekne med at det ikkje kvart år ligg til rette for ein slik tidleg fresestart.

Nysnøfall og sterk vind vil framleis kome til å avbryte fresinga og også medføre stenging av vegen etter opning, men i noko mindre grad enn før. Nokre av dei foreslegne sikringstiltaka kan i Stavbrekkeområdet i nokre høve opne for rydding frå begge sider og på den måten korte ned ryddetida.

Frå september 2009 skal driftinga av riksveg 63 ut på ny tilbodsrunde. Til beste for vegopning og tryggleik trur ein ikkje dette blir dersom nye urøynde og ikkje lokalkjende aktørar vinn konkurransen. Eit mogleg utfall kan bli meir tidsbruk til avklaringar når det gjeld opning og stenging av vegen ve rastrugsmål.

Vinterstenginga

Tidspunktet for vinterstenginga, som har vore frå siste halvdel av oktober og ut i desember, vert utløyst når det set inn med større eller vedvarande snøfall med tiltakande rasfare og større behov for brøyting og strøing. Turistsesongen er då over og behovet for vegsambandet får meir lokal karakter. Ein ventar ikkje at rassikring av Stabrekkeområdet og Kvanndalsbotnen vil utsetje vinterstenginga i noko større grad.

”

Det er ikkje sett av midlar til Rv 63 Geirangervegen i handlingsprogrammet for 2006-2009.

Med helsing

Per Drageset
fylkesrådmann



Fylkeshuset,
3706 Skien, Norway
Tel.: +47 35 58 42 00
Fax: +47 35 52 90 44
nsc@northsea.org
www.northsea.org



HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH



KOMMUNAL OG REGIONALDEPARTEMENTET

Ministry of Local Government and Regional Development



CPMR Project "Europe of the Sea"

Bergen Seminar 16th – 17th January 2006.

The CPMR project "Europe of the Sea" (see www.europeofthesea.org) has taken the initiative to a seminar with stakeholders, in Bergen, Norway. The CPMR North Sea Commission is the organizer, in close co-operation with the Institute of Marine Research, Norway, and other partners.

The "Europe of the Sea" – project is established to follow the EU process of making a Green Paper on a European Maritime Policy.

Dates: 16 – 17 January 2006.
Monday 16 January starting at 10 am, ending Tuesday 17 January at 2 pm.

An informal get – together will take place Sunday evening
The conference language is English.
For registration see www.northsea.org.

"EUROPE OF THE SEA – BERGEN SEMINAR"

Organizers: The CPMR North Sea Commission

In co-operation with:

- The CPMR Baltic Sea Commission
- The Ministry of Local Government and Regional Policy, Norway
- The Institute of Marine Research, Norway
- Rogaland County Council, Norway


The **aim of the conference** is to stimulate the dialogue on European Maritime Policy issues.

Target groups are authorities, organizations (including NGO's), industries and other stakeholders interested in the shaping of a future European Maritime Policy. The CPMR project has its focus on the role of the regions.

The Bergen seminar will deal with the North Sea, the Baltic Sea, the Norwegian Sea and the Barents Sea Areas. The main emphasis will be on research, development and innovation issues.

The CPMR project "Europe of the Sea" will give valuable material for the European Commission in their work for a European Maritime Policy, the Green Paper in 2006 as a first step.

The project will deliver its final report shortly after the seminar. An interim project report will be part of the written material for the seminar.



PROGRAMME:

Venue: Clarion Hotel Admiral, C Sundts gate 9, N – 5004 Bergen, Norway
www.admiral.no

Monday 16 January, 10.00 am – 1 pm SESSION I – INTRODUCTION

Welcome Statement,

Mrs Gunn – Marit Helgesen
President of the North Sea Commission
Vice President of the CPMR.

Towards a European Maritime Policy,

Mr John Richardson
Head of the European Commission Task Force
on Maritime Policy.

The “Europe of the Sea” – project – Aims and Goals,

Mr Rui Azevedo
CPMR Project Leader

Perspectives of the Northern Seas,

Mrs Karin Refsnes
National Expert (Norway) EU Commission

DISCUSSION

1 – 2 pm – Lunch

2.00 – 6.00 pm

SESSION II – GATHERING EXPERIENCES FROM THE NORTHERN SEAS.

2.00 pm - Introduction

2.30 – 6.00 pm Workshops

Each workshop will be led by a moderator who will chair the discussion following brief presentations by a selected panel of stakeholders and experts. This includes discussion of key issues identified in the interim report of the project.

Workshop 1 - Transport and Maritime Safety

Topics for consideration include: Europe's role in global shipping, motorways of the sea, risk management, role of the regions in maritime safety, port issues.



Fylkeshuset,
3706 Skien, Norway
Tel.: +47 35 58 42 00
Fax: +47 35 52 90 44
nsc@northsea.org
www.northsea.org



HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Ministry of Local Government and Regional Development



Workshop 2 – Sustainable Development

Topics for consideration include: governance, sector integration, integrated coastal zone management, marine ecosystem commissions, climate change.

Workshop 3 – Marine and Maritime Industries

Topics for consideration include: fisheries, mariculture, tourism, biotechnology, energy.

5.00 pm - Workshops conclusions and synthesis (plenary session)

presentations
general conclusions

8.00 pm - Seminar Dinner (Clarion Hotel Admiral).

Hosted by the Institute of Marine Research, host and dinner speaker:
Mr Tore Nepstad, Managing Director.

Tuesday 17 January: 9.00 am – 12.30 pm

SESSION III – RESEARCH AND INNOVATION DRIVERS OF EU SEA STRATEGY.

09.00 am. Introduction

09.30 - 11.30 am Workshops

Workshop 4 - Marine Research and Ecosystem Approach.

Topics for consideration include: scientific requirements for ecosystem approach to management; research prioritisation; living resources; climate variability and change; coastal and marine habitats; biodiversity; energy.

Workshop 5 – Marine and Maritime Technologies.

Topics for consideration include: shipping; oil and gas exploration and exploitation; offshore energy production; mariculture and fish capture; seabed mapping; operational monitoring systems.

Workshop 6 - Innovation.

Topics for consideration include: translating science into economic activities; the role of maritime clusters; technology transfer; bioprospecting.

11.30am – Workshops conclusions and synthesis (Plenary Session)

12.30 – 1. pm

SESSION IV – CONCLUSIONS – THE WAY FORWARD

1-2pm: lunch, end of seminar



Fylkeshuset,
3706 Skien, Norway
Tel.: +47 35 58 42 00
Fax: +47 35 52 90 44
nsc@northsea.org
www.northsea.org



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET
Ministry of Local Government and Regional Development



PRACTICAL INFORMATION

You register for the seminar on www.northsea.org

There is no seminar fee - charges cover accommodation, meals, rent of seminar rooms etc, to be paid by participants to the hotel on departure. (*invoicing must be agreed upon in advance*).

Bergen has direct flight connections to several European airports. Participants from abroad are expected to arrive on Sunday 15 January – (*informal get – together in the evening*).

Participants are asked to register under the following categories:

- A) **Full Package - arrival Sunday 15 January:**
2 nights in single room, full board, informal get - together Sunday,
2 days meetings and meals, inclusive Seminar Dinner NOK 2350
- B) **Full Package - arrival Monday 16 January:**
1 night in single room, full board
2 days meetings and meals, inclusive Seminar Dinner NOK 1600
- C) **Non - residents:**
Informal get - together Sunday
2 days meetings and meals, inclusive Conference Dinner NOK 1000
- D) **Other Alternatives:**
please specify arrival, attendance, hotel occupancy and departure,
price will be given on request.

Deadline for binding registration is Friday 9 December 2005.

Cancellation:

- Cancellation of booking later than 9 January 2006 (or no show): 100 per cent of total Seminar Cost will be charged.
- Cancellation of booking between 9 December 2005 and 9 January 2006: 50 per cent of total Seminar Cost will be charged.

Any Questions ?

- *We'll respond to your questions:*
- The CPMR North Sea Commission: Lars Haukvik,
email lars.haukvik@telemark-f.kommune.no,
- The Marine Institute, Norway: Hein Rune Skjoldal
email: hein.rune.skjoldal@imr.no
- Rogaland County Council: Sverre Mauritzen
email: sverre.mauritzen@vestlandsradet.no

IS Fjordvegen
v/ Leiv Vambheim
Kyrkjevegen 38
5783 EIDFJORD

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

Sakshandsamar: Signe Eikenes Tlf.dir.: 57 65 62 56 E.post: signe.eikenes@sf-f.kommune.no

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/63/L.nr: 404/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 07.11.2005

Samarbeid om Samferdselskonferanse i 2006

Vi viser til brev frå IS Fjordvegen, datert 12.07.05, der de inviterer Vestlandsrådet som medarrangør for Samferdselskonferansen i 2006.

Rv 13 mellom Sandnes /Stavanger og Førde /Moskog er ein svært viktig veg for vestlandsfylka, og det er ein av dei vegstrekningane som Vestlandsrådet spesielt har fokus på. Leiaren av Vestlandsrådet ser det difor som naturleg å ta imot invitasjonen frå IS Fjordvegen om å vere medarrangør for Samferdselskonferansen neste år.

Vi ser fram til eit godt samarbeid.

Med helsing


Nils R. Sandal
Leiar i Vestlandsrådet

Mottakar (ar)
IS Fjordvegen v/ Leiv Vambheim Kyrkjevegen 38 5783 EIDFJORD

Kopi til:
Vestlandsrådet,
Vestlandsrådet, Roar Nesset
Vestlandsrådet,



Kommunal- og regionalminister Åslaug Haga
Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

Sakshandsamar: Roar Nasset Tlf.dir.: 57 65 62 71 E.post: roar.nesset@sf-f.kommune.no

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00076/L.nr: 000384/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 27.10.2005

Førespurnad om deltaking av Kommunal- og regionalministeren på konferanse i regi av Vest-Norsk nettverk og Vestlandsrådet

Vest-Norsk nettverk og Vestlandsrådet ønskjer å arrangere ein felles konferanse torsdag 9. februar 2006 ved Høgskolen i Bergen som skal fokusere på samarbeidsformer og partnerskap mellom det regionale nivået og Vestlandsrådet. Konferansen vil også ta føre seg om det er ønskjeleg med ei nærare arbeidsdeling mellom kompetanseinstitusjonane på Vestlandet.

Dei to universiteta og dei fleste høgskulane på Vestlandet er medlemmer av Vest-Norsk nettverk.

Vestlandsrådet består av 5 representantar kvar frå Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane fylkeskommunar og Møre og Romsdal fylke valde av og blant fylkestinget sine medlemmer.

Vi ønskjer å invitere Kommunal- og regionalministeren til å ta del i konferansen med ei innleiing om "Reform av det regionale nivået – Kva er status – Regionane si rolle i høve høgare kompetanseinstitusjonar".

Til konferansen vil det bli utarbeidd eit notat av Martin Byrkjeland ved Rokkan-senteret ved Universitetet i Bergen med oversyn over utdanningstilbod og kompetansmiljø/forskingsovråde ved dei høgare utdanningsinstitusjonane på Vestlandet, og om studietilboda er komplementære eller konkurrerande. Notatet vil også vurdere om det kan vere eit potensiale for meir samarbeid mellom dei høgare utdanningsinstitusjonane på Vestlandet innan forskning og utdanning. Notatet vil bli kommentert på konferansen av rektor ved Universitetet i Bergen, Sigmund Grønmo.

Invitasjonen til konferansen vert retta til leiinga ved utdanningsinstitusjonane i Vest-Norsk nettverk, Vestlandsrådet sine medlemer og administrativ leiing i dei fire fylkeskommunane.

Med vennleg helsing


Nils R. Sandal

Leiar i Vestlandsrådet



Samferdsledepartementet
Postboks 8010 Dep

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

0030 OSLO

Sakshandsamar: Signe Eikenes Tlf.dir.: 57 65 62 56 E.post: signe.eikenes@sf-f.kommune.no

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00046/L.nr: 000322/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 12.10.2005

Møte med Samferdsledepartementet om rammevilkåra for Vestlandsforsøket

Leiaren i Vestlandsrådet ber med dette om eit møte med Samferdsledepartementet der vi ynskjer å ta opp følgjande tema:

1. Rammevilkåra for Vestlandsforsøket
2. Tilpassingar i avgiftene for lufthamnene på Vestlandet
3. Retningslinjene for revisjon av Nasjonal transportplan 2010-2019

Rammevilkåra for vestlandsforsøket:

Stortinget har gjeve Vestlandsrådet gjennom Vestlandsforsøket følgjande oppgåver:

- Prioritering av midlar til investering på øvrig riksvegnett
- Styring av statlege planressursar

Vestlandsrådet skal i prinsippet få tildelt midlane på post 60 og fordele dei sjølv. Vi ser ved fleire høve at dette ikkje vert følgt opp frå sentralt hald ved at midlar kjem øyremarka til spesielle tiltak, tiltak som ikkje er høgast prioriterte av Vestlandsrådet. Skal Vestlandsforsøket vere eit reelt forsøk er det viktig at dei spelereglane som er sett opp blir følgde. Vestlandsrådet ber difor Samferdsledepartementet endre praksisen med å detaljstyre midlar som ligg til forsøket.

Tilpassingar i avgiftene for lufthamnene på Vestlandet

Vestlandsrådet ber om at Samferdsledepartementet opnar opp for at dei ulike lufthamnene på Vestlandet kan få tilpassingar i avgiftene som kan stimulere til eit betra rutetilbod. Det er ein føresetnad at dette blir gjort på ein måte som ikkje gjev ulike konkurransetilhøve i marknaden.

Retningslinjene for revisjon av Nasjonal transportplan 2010-2019


Transportpolitikken blir i stor grad lagd gjennom utforminga av retningslinjene for arbeidet med NTP. Vestlandsrådet ser det difor som svært viktig å få vere med på å gje innspel i denne



fasen. Dei ulike transportformene må vurderast meir samla enn det ein har fått til i dei føregåande transportplanane. Det er også ei utfordring å sjå utviklinga av infrastruktur i samanheng med næringsutvikling. Framkomst for næringstrafikken må vere eit overordna mål for å sikre utvikling og verdiskaping.

Vi ser fram til eit positivt svar på denne førespurnaden om eit møte med departementet.

Med helsing



Nils R. Sandal

Leiar av Vestlandsrådet

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Samferdsledapartementet Postboks 8010 Dep 0030 OSLO

Kopi til:

Vestlandsrådet, Ole Ingar Hæreid

Vestlandsrådet, Per Drageset

Vestlandsrådet, Roar Nesset



Vestlandsrådet
v/ Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE		
SENTRALT		
ARKIVNR	POSTNR	FOLIO
01 NOV 2005		
TITTEL		
AVDELING	POST	POSTNR
O.L.		

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200101405-110/8.T07/THAA

Dykkar ref.:

Bergen, 26. oktober 2005

Møte med den nye samferdselsministeren om transportpolitiske utfordringar i Hordaland og på Vestlandet

Hordaland står framfor ei rekke utfordringar i utviklinga av eit effektivt, sikkert og framtidsretta transporttilbod til næringsliv og innbyggjarane i fylket.

Dette gjeld utbygging av viktige prosjekt både på stamvegnettet og det øvrige riksvegnettet, samt ras- og tunnelsikring. I tillegg vil det og i samsvar med nasjonale mål vere nødvendig med ei satsing på andre trafiksikringstiltak på vegnettet. Som eit av landets største ferjefylke er vi oppteken av at ferjesambanda i minst mogleg grad vert flaskehalsar og ein kostnadsfaktor for brukarane av transportsystemet. Det vil derfor vere nødvendig å ha fokus på takstpolitikk og servicenivå i ferjedrifta. Hordaland er også eit jernbanefylke der det står att ein god del opprusting av Bergensbana for å utvikle eit moderne og framtidsretta transporttilbod på skinner, i fylket og mellom dei to største byane i landet.

Eg vil påpeike vidare at dette i all hovudsak er felles transportpolitiske utfordringar for vestlandsfylka innanfor det etablerte transportpolitiske samarbeidet i Vestlandsrådet gjennom Vestlandsforsøket og Vest39.

Med dette som utgangspunkt vil eg be om at Vestlandsrådet tek eit initiativ til å få eit snarleg møte med den nye samferdselsministeren for å presentere og drøfte våre felles transportpolitiske utfordringar på Vestlandet dei næraste åra.

Med helsing

Torill Selsvold Nyborg

Kopi: Sogn og Fjordane fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune